



LINDÅS KOMMUNE

Velkommen til klassekontaktmøte!

Det er fint om du set deg saman med klassekontaktane i same klasse/trinn

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Takk for at du stiller som klassekontakt! De er kanskje dei viktigaste foreldrerepresentantane i skulen
- Hovudoppgåva: å samarbeida om å skapa eit godt læringsmiljø i klassen og eit godt fellesskap mellom foreldra

Foreldreinvolvering og eit godt samarbeid fører til:

«Betre læringsutbyte, betre sjølvregulering, betre trivsel, færre åtferdsproblem, mindre fråvær, gode relasjonar til medelevar og lærarar, betre arbeidsvaner, ei meir positiv haldning til skulen, betre leksevanar og arbeidsinnsats og høgare ambisjonar med omsyn til utdanning»



- Er du engasjert, gjer barnet ditt det betre på skulen både fagleg og sosialt.
- (Thomas Nordahl: Hjem og skole, hvordan skape et bedre samarbeid, 2007)
- I opplæringslova er det gjort klart at opplæringa skal skje i samarbeid og forståing med heimen.



Skulen si organisering

- SU
- SMU
- FAU
- Elevrådet
- Klassekontaktar

Foreldrerådet



Alle foreldre som har barn ved skulen, er automatisk medlem av foreldrerådet.

Ein god dialog mellom heim og skule er heilt avgjerande for at elevane skal lære og trivast.

Samarbeid mellom heim og skule er heimla i opplæringslova § 11-4.

Det er skulen som skal ta initiativ til dette samarbeidet og sørge for at rådsorgana på skulen fungerer etter intensjonen.



FAU

- Foreldrerådet vel eit arbeidsutval: FAU.
- Korleis FAU blir organisert, varierer frå skule til skule. Ofte er det foreldrekontaktane som utgjer FAU.
- Gode tips finn du på www.fug.no.



www.fug.no

Nokre av arbeidsoppgåvene til FAU:

Jobbe for eit godt skulemiljø

Informere og høyre alle foreldre om aktuelle saker

Samarbeide med elevrådet og andre rådsorgan ved skulen, rektor og lærarar

Ta initiativ til sosiale aktivitetar for elevane

Arrangere samlingar for foreldre og lærarar, til dømes storforeldremøte med ulike tema

Uttale seg om relevante saker frå kommunen eller skulen, til dømes ordensreglementet


Skape kontakt mellom skulen og nærmiljøet

Ha enkle mål som samlar foreldra og gir resultat



KLASSEKONTAKTAR

- Kontaktledd mellom foreldra i foreldregruppa (klassen)
- Kontaktledd mellom foreldregruppa og FAU
- Kontaktledd mellom foreldra og skulen, spesielt kontaktlæraren



Samarbeidsutvalet, SU


Samarbeidsutvalet er det øvste rådgivande samarbeidsorganet på skulen.

Utvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen (SU kan erstattast av eit driftsstyre).

FAU vel to representantar til SU, FAU-leiaren skal vere ein av desse.

SU består elles av to representantar for undervisningspersonalet, éin representant for andre tilsette, to representantar for elevane og to frå kommunen.

Medlemmene skal verne om interessene til gruppene dei representerer.



Saker som SU kan jobbe med:

Planar for heim-skule-samarbeid

Forslag til budsjett

Oppfølging av elev- og foreldreundersøkingar

Skuleutvikling

Ordensreglar

Verksemdsplan for skulen

Disponering av undervisningstimar

Informasjonsverksemda til skulen



Skulemiljøutval (SMU)

Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. (kap. 9a i opplæringslova)

Samansetjinga i SMU skal vere slik at foreldra og elevane er i fleirtal.

Utvalet er eit rådgivande organ og har uttalerett i saker som gjeld skulemiljøet.

Det er FAU som vel representantar til SMU.

Forventingar



- Det er viktig å avklare kva forventingar vi har til kvarandre.
- Tillit blir stava likt begge vegar.
- Skulen er den profesjonelle parten
- Alle foreldre må føle seg inkluderte.
- Foreldra og skulen bør stå fram som eit **vi** med tydelege mål for eleven.



Fag/læring

Skulen kan forvente at du som føresett

følgjer opp heime
tek kontakt ved behov
sørgjer for at eleven møter tidsnok og utkvilt på skulen
passar på at eleven viser respekt for alle på skulen
passar på at eleven følgjer reglane til skulen

Foreldra kan forvente at skulen

gir undervisning etter lovverk og planar
stimulerer til læringslyst
har tilsette som er gode rollefigurar
gir elevane tilbakemeldingar om den faglege og sosiale utviklinga
har gode og innhaldsrike utviklingssamtalar
har gode og innhaldsrike foreldremøte



Fag/læring

Skulen kan forvente at du som føresett

følgjer opp heime
tek kontakt ved behov
sørgjer for at eleven møter tidsnok og utkvilt på skulen
passar på at eleven viser respekt for alle på skulen
passar på at eleven følgjer reglane til skulen

Foreldra kan forvente at skulen

gir undervisning etter lovverk og planar
stimulerer til læringslyst
har tilsette som er gode rollefigurar
gir elevane tilbakemeldingar om den faglege og sosiale utviklinga
har gode og innhaldsrike utviklingssamtalar
har gode og innhaldsrike foreldremøte



Dialog og samarbeid

Skulen kan forvente

- at du deltek på foreldremøte og utviklingssamtalar
- at du svarer på brukarundersøkingar frå skulen
- at du informerer skulen om hendingar som kan påverke eleven på skulen
- at du viser respekt for elevane, dei tilsette, skuleleiinga og dei andre foreldra

Foreldra kan forvente

- at skulen har gode informasjonskanalar
- at du blir kalla inn til (minst) to foreldremøte kvart år
- at skulen er interessert i synspunkta dine og gir deg svar på det du spør om
- at du som føresett kan påverke gjennom samarbeidsorgana til skulen



Tryggleik og trivsel

Skulen kan forvente

- at du gir barnet ditt positive haldningar til skulen
- at du tek kontakt dersom barnet ikkje trivst
- at du deltek på foreldremøte
- at du samarbeider med dei andre føresette

Foreldra kan forvente

- at dei kan ha ein jamleg dialog om den faglege og sosiale utviklinga til eleven
- at skulen er open for samarbeid
- at skulen har nulltoleranse for mobbing, vald og rasisme
- at skulen tek kontakt ved behov



Nullmobbing inn i opplæringslova

- Frå 1. august 2017 har vi fått nytt regelverk om skulemiljø (9A).
- Skulen skal arbeide systematisk og utan avbrot for at alle elevar skal ha det trygt og godt på skulen (gjeld òg leksehjelp og SFO).
- Det er derfor viktig med eit konstruktivt og godt samarbeid mellom elevar, foreldre, rådsorgan og skule. Foreldra skal ha ei aktiv rolle.
- Om det oppstår ei hending der ein elev kjenner seg krenkt, oppfordrar vi sterkt til tett dialog.
- Om ein vaksen på skulen veit om – eller har uro for – at ein elev blir mobba, plaga eller ikkje har det bra, skal han eller ho alltid:
 - **Gripe inn og stoppe krenkingane straks, om mogleg**
 - **Gi beskjed til rektor**
 - **Undersøkje det som har skjedd**
 - Skulen skal leggje vekt på det beste for barnet i alle vurderingar

NULLMOBBING
DU HAR RETT TIL Å HA DET BRA .NO





Aktivitetsplikta – alle tilsette

- Plikt til å følgje med (systematisk arbeid, «årvåkne blikk»)
- Plikt til å gripe inn (straks, i situasjonen, stoppe ei handling)
- Plikt til å varsle (ved ***all*** mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø)
- Plikt til å undersøkje (skal ***alltid*** undersøkje når ein elev seier frå om krenkingar eller at han/ho ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt)
- Plikt til å setje inn tiltak (skal ta tak i ***alle*** situasjoner der ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø)

Nulltoleranse mot mobbing - nytt regelverk om skolemiljø

Alle elever har rett til å ha et **trygt og godt skolemiljø** som fremmer helse, trivsel og læring.


Det er elevenes **egen opplevelse** av hvordan de har det på skolen, som er avgjørende.



Skolen skal

- følge med på at elevene har det trygt og godt på skolen
- gripe inn og stoppe det med en gang, hvis det er mulig
- si ifra til rektor
- undersøke det som har skjedd
- lage en plan med tiltak

Hvis en elev opplever å bli mobbet eller krenket av en lærer eller andre som jobber på skolen, har skolen et ekstra ansvar for å følge opp saken.



Melde saken til fylkesmannen

Hvis du mener at skolen ikke har gjort nok for å stoppe krenkelser, kan du melde saken til fylkesmannen.

- Først må du ha tatt opp saken med rektor på skolen.
- Det må ha gått minst en uke fra du tok opp saken med rektor.
- Saken må gjelde skolemiljøet på den skolen eleven går på nå.
- Er det helt spesielle tilfeller, kan du uansett ta kontakt med fylkesmannen.

Fylkesmannen skal finne ut om skolen har gjort jobben sin, og bestemme hva skolen skal gjøre for at eleven får det trygt og godt på skolen.



Nullmobbing.no

På nullmobbing.no finner du informasjon om

- hvilke rettigheter elever og foreldre har
- hva man kan gjøre hvis man opplever mobbing
- hvem man kan ta kontakt med
- hvordan melde fra om mobbing



NULLMOBBING
DU HAR RETT TIL Å HA DET BRA 

Mobbeombodet i Hordaland

- Mari-Kristine Morberg er mobbeombod for alle elevar på alle alderstrinn i Hordaland.
 - Alle elevar i barneskule, ungdomsskole og vidaregåande skule har rett til å ha det bra på skulen! Du skal føle deg som en del av klassen! Du skal ikkje bli ekskludert, vere einsam, eller blir utsett for mobbing eller plaging, verken frå elevar eller lærarar. Viss du ikkje har det bra på skulen, har du rett på hjelp frå dei vaksne.
- [Mobbeombodet](#)
- <https://www.hordaland.no/mobbeombod>

Skulen sine satsingsområde:

- Vurdering
- Lokalt læreplanarbeid
- Lesing – leselos/språkløyper/språkkommune
- Førebyggjande skulemiljø
 - DUÅ – Dei Utrulege Åra
- Lærande organisasjonsarbeid

Oppgåver som klassekontakt

- Planlegga foreldremøte saman med kontaktlærar
- Laga ein plan for aktivitetar/foreldremøte gjennom heile skuleåret
 - Hjelpemiddel: årshjul/rutineskildring for samarbeid mellom klassekontaktar og kontaktlærarar

Vidare om oppgåver

- Halda kontakt med elevane og vurdera kva foreldra kan gjera for å utvikla eit godt miljø i klassen
- Få elevane med i kontakten mellom skule og heim! Kan elevane inviterast med på eit møte??
- God kontakt med alle foreldre – vera med å formidla synspunkt som er av felles interesse for alle
- Leggja fram saker som FAU ønskjer å høyra foreldra sitt synspunkt på – eksempelvis på foreldremøte

- Kontakt med «nye» foreldre som byrjar i løpet av skuleåret – ønskje velkommen til gruppa. Kontaktlærar bør informera om dette til klassekontakten.
- *Sum: korleis løysa oppgåvane i praksis*

- Kontakt mellom foreldra:
- Sosiale media positivit – men og fallgruver..
- Pass på: at ikkje ei facebookgruppe blir ei gruppe der ein snakkar negativt om skule, andre foreldre, elevar m.m.
- Som klassekontakt har du eit medansvar for at kontaktfora blir brukt sakleg.

- Sosiale media – ei utfordring:
- Om ein var misnøgd med nokon før, sa ein det til naboen. No postar ein det gjerne på facebook og det når fort 400 +
- Skal lærarane vera med i ei gruppe

- Kva gjer ein som klassekontakt dersom ein blir kontakta av foreldre som er misnøgde med noko?
- Ta kontakt med kontaktlærar/skulen og orienter
 - inga sak er for stor!
- Du er ikkje verken advokat eller politi, ei sak har ofte to sider
- Det er sjeldan foreldremøte er ei god løysing viss det er konfliktar eller utfordringar mellom elevar. Aksepter at det ikkje er alt skulen kan fortelja, men samarbeid gjerne med skulen om å finna gode løysingar.

- Det viktigaste du og dei andre foreldra gjer er å snakka positivt om skulen
- Framsnakking i seg sjølv verkar! – positiv spiral
- Kjennteikn på skular/geografiske område der trivnad er høg er at foreldre har eit positiv og støttande syn på skulen og opplæringa
- Som klassekontakt kan du hjelpa til med dette og ved å visa foreldre som har noko dei ønskjer å ta opp «rett veg».

Skulen treng dykk!

Skulen ønskjer samarbeid!

Til beste for elevane!

